

ÅLHUS – GOTDALEN.

LANDSKAP

Tilkomstsona

Bilveg (ca 1,5 km) langs vassdraget. Området er dominert av store granfelt i liene med glenner av beitemark langs vegen og elva. I øvste del av tilkomstsona er fossen nedanfor Brekka, ned i eit djupt gjel, eit mektig syn. Fossen er ikkje synleg før ein kjem heilt innpå pga av den homogene granskogen rundt. Frå bilvegen som ender nokre hundre meter nedanfor er det opparbeid traktorveg som krysser Fossegrova like ovanfor Fossen. Traktorvegen og raset som har gått her nyleg gir eit uryddig preg slik det framstår i dag.



Bilde 1: Frå enden av bilvegen og parkeringsplassen går traktorveg oppover mot Gotdalsstøylen. Fossegrova i bakgrunnen.



Bilde 2: Fossen.

Stølssona

Stølssona ovanfor Fossen er delt i to overordna landskapsrom. Støylane Brekka og Lia ligg ved inngangen til dalrommet som delar seg lenger oppe i Ålhusdalen og Gotdalen. Elva er noko anonym i dalen, men fossen og det djupe fossegjelet har intensitet og er blikkfang. Det er den øvre del av stølssona i Gotdalen med Gotdalsstøylen som landskapsmessig gjer sterkast inntrykk av dei to dalromma. Gotdalen er ein vid og langstrakt dal inn mot Gotdalsskaret. Her ligg ein morenerygg som ei delvis avgrensing mot det inste dalrommet. Tjukke moreneavsetningar dekker dalbotnen og finkorna breelvavsetningar framom Gotdalsstøylen der elva meandrerer. Den gamle stien ligg intakt frå støylen og ned til traktorvegen ovanfor fossen. Traktorvegen er relativt ny og går nesten heilt fram til støylen.



Bilde 3: Traktorvegen krysser Fossegrova rett over gjølet ved Fossen.



Bilde 4: Vegen innover mot Gotdalsstøylen.



Bilde 5: Gotdalsstøylen sett frå enden av traktorvegen.



Bilde 6: Teke frå Gotdalsstøylen mot Gotdalsskaret som går over til Vonamarka i Naustdal kommune.

NÆRINGSINTERESSER OG ANDRE BRUKARINTERESSER

Landbruk

Det er ikkje stølsdrift på støylen. Skogbruk og kulturbeite i nedre delen og utmarksbeite i øvste delen.

Friluftsliv

Ålhusdalen - Gotdalen er viktig turutgangspunkt for turar vidare inn i heile fjellområdet.

Mineralske ressursar

Det er gitt mutingsløyve (Platina) for eit større område på begge sider av Ålhus-dalføret, opp til omlag midt mellom Fossen og Gotdalsstøylen.

INNSPEL FRÅ GRUNNEIGARANE/ANDRE

Grunneigarane ynskjer at vernegrensa vert trekt utanom heile stølssona. For å hindre at elva nedafor støylen grev seg inn på stølsvollen til Gotdalsstøylen, er det fremja ønske om å plastre elveløpet i delar av området. Veggen til støylen er viktig for tilsyn av husdyr og vøling av bygningane.

Alprina A/S v/ Jo Øvrebø, meiner at heile mutingsområdet må haldast utanfor eit LVO.

MERKNADER

Framlegg til vernegrense kryssar dalen ved Fossen og gjelet som er svært imponerande. Traktorvegen ligg tungt i terrenget i dette området, men er ikkje synleg på avstand på grunn av den massive granskogen. Lenger oppe ligg den gamle stien intakt som ein fin tilkomst til Gotdalen. I dette landskapet er den nye traktorvegen inn til støylen godt synleg frå store delar av området. Fossen og gjelet har naturkvalitetar som vil gjere seg godt i eit LVO, medan område langs den nye stølsvegen inn mot Gotdalsstøylen ikkje har slike spesielle verdiar. Grensa bør derfor enten gå nede ved Fossen, eller så kan grensa like godt plasserast ved moreneryggen rett innanfor Gotdalsstøylen.

Eventuell gruvedrift og uttak av mineral i området vil vere konfliktfylt. Ein må i alle høve sikre at hovudtraseen inn i området med Fossen og stølsstien vert skjerma mot skjemmande inngrep. Uavhengig av LVO må eit slikt tiltak handsamast gjennom eigen konsekvensutgreiing og godkjennast etter eigne planar.

Vi kjenner truleg for lite til både omfang, driftsforhold, samfunnsnytte og miljøkonsekvensar til å kunne ta stilling til mineraldrift i denne planprosessen. Ved å plassere grensa for LVO lenger inne i dalen enn det muta området, overlet vi i så fall denne vurderinga til eventuelle seinare konsekvensutgreiingar og planar.